

P R E S S E M E L D I N G, 11. A P R I L 2 0 1 4

Kulturminister Thorhild Widvey kuttar ikkje støtta til lokalavisene

Regjeringa vil ikkje lenger kutte produksjonstilskotet til lokalaviser med 4000 til 6000 i opplag. Dette kjem fram i ei stortingsmelding frå regjeringa i dag. Landslaget for lokalaviser (LLA) er glade for at regjeringa vil føra vidare dei opplagsgrensene som er i dag:

– Vi i LLA har arbeidd hardt, gitt grundig informasjon og argumentert for at det ville vera særst uheldig å kutta støtta til lokalavisene med 4000 til 6000 i opplag. Politikarar som lyttar, og som vågar å snu, fortener ros, seier generalsekretær Rune Hetland og styreleiar Ståle Melhus i LLA. Dei understreker også at pressestøtta ikkje må gjerast til finanspolitikk.

– Alt dette handlar om kva verdiar vi vil at samfunnet vårt skal bygge på. Demokrati og ytringsfridom er flotte grunnsteinar, men dei må ha praktisk politisk innhald. Ein føresetnad for eit velfungerande demokrati med reell ytringsfridom er eit mangfald av ytringskanalar. Vi treng seriøse lokale-, regionale- og riksdekkande medier av høg kvalitet og med god, uavhengig journalistikk under fana til pressa sine etiske normer. Gode rammevilkår for media er ei investering i eit ope, inkluderande samfunn som tar vare på demokratiske, kulturelle og språklege verdiar. Alle lokalaviser, ikkje minst 4000 til 6000 avisene, er sjølve fundamentet i det unike avismangfaldet i Norge, seier Hetland og Melhus i LLA.

I stortingsmeldinga frå regjeringa kjem det også fram at den vil ha eit statisk tak på produksjonsstøtta per medieselskap frå 2015, slik at ingen aviser frå då av skal kunne få meir enn 40 millionar kroner i støtte.

For meir informasjon og kommentar:

Rune Hetland, generalsekretær i Landslaget for lokalaviser, dir. tlf. 452 89 444, rune@lla.no

Du finn link til heile stortingsmeldinga på LLA sine nettsider: www.lla.no